



Gemma(f.v.), Natasha og Chris var overvelda av den fantastiske naturen.

Det var helst tett med bilar, folk, telt og lavvoar på flata ved inste enden av Fjellandsbøvatnet fredag kveld. I tillegg til dei 13 som var med på DNT sitt klatrekurs var det også 2 andre grupper. Tre vennefamiliar kom frå Bergen og Bjorøy, medan den mest langvegfarande trioien kom heilt frå Australia.

Etter skilta på bilen å dømme kunne ein tru at trioien, Gemma, Natasha og Chris kom frå Nederland, men der tok eg feil. Det hadde seg nemleg slik at førstnemnde hadde familie der, og dermed hadde dei leigt den praktiske bilen dei brukte på reisa si, der.

Dei hadde funne vegen til Fjellandsbøvatnet på grunnlag av det dei hadde vorte fortalt av andre, og ved studiar på nettet. Då dei skulle på ferie i Norge, måtte dei berre besøkja denne plassen!

Dei hadde ikkje noko heilt fasttømra tidsskjema, men dei rekna å bruka eit par veker på området. Dagane ville dei bruka til klatring og turar i området. Dei ønskte å få oppleva mest mogeleg av den spennande norske naturen. Dei var svært interesserte i kva ville dyr dei kunne møta, og spurte mellom anna ivrig om den norske hjorten.

Norgesferien er ein del av ei omfattande reise for dei tre frå Australia. Ferda deira går vidare til Russland. Etter det er det meir usikkert kor dei reiser sjølv om dei har sine tankar. Chris må kanskje tenkja på å reise heim til Australia etter det, for han har avsett 7 veker til ferieopphaldet. Dei to damene kan nok få utforska langt fleire krikar og krokar av verdsnaturen. Dei reknar med å vera på reis i 8 månader!

Dei vert nok rike på naturopplevingar, og nokre av dei hentar dei frå Uskedalen og området rundt Fjellandsbøvatnet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland